



## Vest-Telemarkrådet

### INNKALLING TIL RÅDSMØTE

**Til:** Ordførarar og kommunedirektørar i Vest-Telemark  
**Dato:** Tysdag 4. februar 2025  
**Kl.slett:** 10.00 – 14.00  
**Stad:** Lien Fjellgard i Svartdal

---

Kviteseid, 28. januar 2025

#### Rådsmøte tysdag 4. februar 2025

Kl. 09.30 Kaffi og rundstykke

Kl. 10.00 - 12.00 Regionsleiar Tarjei Draugedal ynskjer velkomen til møtet

Kl. 12.00 - 13.00 Lunsj

Kl. 13.00 - 13.30 Videofilming i samband med rekruttering fosterheimsfamiliar.  
Fotografering i samband med nye heimesider.

Kl. 13.30 - 14.00 Møtet held fram

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

*Tarjei Draugedal, regionsleiar*

*Anne Aasmundtveit, dagleg leiar*

## SAKLISTE

Rådsmøte tysdag 4. februar 2025 kl. 10.00- 14.00

**Sak 01/2025 Referatsaker**

- Referat førre møte
- Bygdevekstavgift

**Sak 02/2025 Orienteringar**

- Status søknader prosjektstillingar
- Presentasjon av Vest-Telemarkrådet sine nye heimesider

**Sak 03/2025 Høyringsuttale til Postutvalet sin rapport**

**Sak 04/2025 Rullering av klimaplanen sin handlingsplan**

- Status handlingsplan ved masterstudent Sophie Yatman

**Sak 05/2025 Handlingsplan for likestilling og mangfald/Gender Equality Plan (GEP) for Vest-Telemarkrådet**

**Sak 06/2025 Framlegg til sakliste for Vest-Telemarktinget 29. – 30. april 2025**

**Sak 07/2025 Rekruttering av fosterheimsfamiliar i Vest-Telemark**

**Sak 08/2025 Skjønnsmiddelsøknad 2025**

**Sak 09/2025 Orientering frå rådsmøta til kommunestyra**

**Sak 10/2025 Eventuelt**

## Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 12. november 2024 kl. 12.00- 15.15 på Karl Johan hotel i Oslo

### Til stades:

Regionsleiar og ordførar i Kviteseid Tarjei Draugedal

Regionnestleiar og ordførar i Seljord Solveig Sundbø Abrahamsen

Ordførar i Vinje Jon Rikard Kleven

Ordførar i Nissedal Ian Parry-Jones

Ordførar i Fyresdal Erik Skjervagen

Ordførar i Tokke Jarand Felland

Kommunedirektør i Nissedal Sverre Sæter

Kommunedirektør i Seljord Beate Våge Lia

Kommunedirektør i Fyresdal Ulf Pedersen

Kommunedirektør i Kviteseid Laila Thorsen

Kommunedirektør i Vinje Jan Myrekrok

Statsforvaltar i Vestfold og Telemark Trond Rønningen

Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Thorleif Vikre

KS rådgjevar Didrik Bakken

Dagleg leiar i VTR Anne Aasmundtveit

### Forfall:

Kommunedirektør i Tokke Finn Arne Askje

Utviklingsleiar i VTR Torunn Raftevold Rue

Politisk representant frå Telemark fylkeskommune Martine Tinderholt Øverland

### Sak 43/2024 Referatsaker

- Referat førre møte
- Uttale til DPS Seljord vedk rekruttering av psykiater

**Vedtak:** *Referatsaker vart tatt til orientering*

### Sak 44/2024 Orienteringar

- Eli Sogn Iversen, prosjektleiar i KS orienterte om prosjekta *Menn i Helse* og *Jobbvinner*. *Jobbvinner* er eit nasjonalt prosjekt med mål om å rekruttere og behalde sjukepleiarar og helsefagarbeidarar.
- Orientering ved Jarand Felland om sak til fylkestinget om vidaregåande opplæring frå 2025.

Sjå framlegget til sak 147/24, <https://telemarkfylke.no/no/meny/politikk/motekalender-og-saker/#se:mote/moteid:201218/utvalgid:200079>

I punkt 4 i innstillinga frå fylkesdirektøren heiter det:

«Det blir gjennomført eit utgreiingsarbeid for å sikre eit meir økonomisk og pedagogisk berekraftig tilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skule. Rolla skulen har i utvikling av lokalsamfunnet og rolla som regional utviklingsaktør blir vektlagd. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med kommunane i Vest-Telemark og lokalt næringsliv, og skal koplust til rolla frå fylkeskommunen i bygdevekstavtalen for kommunane i Vest-Telemark. Forslaget blir lagt fram for fylkestinget våren 2026.»

Innspel i møtet:

- Innspel frå Vest-Telemark kan bli lyfta inn i Telemarksplanen.
- Det er kva fylkeskommunen gjer i praksis som betyr noko.
- Det er gjerne ungdom frå Vest-Telemark som går på Vest-Telemark vidaregåande skule. Det er ungdom som bur og ynskjer å bli og jobbe i Vest-Telemark.
- Det er ikkje for alle å flytte på hybel.
- Sjansen for at utflytta ungdom kjem tilbake er mindre.
- Det er viktig samfunnsøkonomisk å få ungdommen gjennom vidaregåande skule, noko hindrar utanforskap
- Ein kan ikkje legge til grunn fulle klasser for drift i distrikta.
- Viktig at ein finn gode og kreative løysingar

**Vedtak:**        ***Orienteringane vert tatt til vitande***

#### **Sak 45/2024 Framlegg til budsjett 2025**

Dagleg leiar la fram budsjettet for 2025

**Vedtak:**        ***Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til budsjett 2025***

#### **Sak 46/2024 Framlegg til møtekalender 2025**

**Vedtak:**        ***Arbeidsutvalet får fullmakt til å gjera endringar når det gjeld tingmøtet våren 2025 og lokalisering av rådsmøta i det framlagte forslaget til møtekalender for 2025***

**Sak 47/2024 Drøfting høyringsuttale til lovfesta plassering av tingrett og jordskifterett**

Regionsleiar la fram saka.

***Vedtak: Høyringsuttale til Lovfesting av tingrettane og deira faste rettsstader vert lagt fram for Vest-Telemarktinget 10. desember 2024***

**Sak 48/2024 Framlegg til sakliste Vest-Telemarktinget 10. desember 2024**

***Vedtak: Framlegg til sakliste og opplegg for møtet i Vest-Telemarktinget 10. desember 2024 vart vedteke***

**Sak 49/2024 Førebuing møte med stortingsbenken kl. 16.00 – 18.00**

Møtet med benken vart førebudd

**Sak 50/2024 Eventuelt**

Ingenting kom opp under eventuelt



Kommunal- og  
distriktsdepartementet



**Telemark**  
FYLKESKOMMUNE



Fyresdal kommune



Kviteseid kommune



Nissedal kommune



Seljord



Tokke



VINJE

# Bygdevekstavgift

mellom

**Staten v/Kommunal- og distriktsdepartementet,  
Telemark fylkeskommune**

**og kommunane**

**Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og  
Vinje ved Vest-Telemarkrådet**

**2025-2028**

## 1. Bakgrunn

Målet med bygdevekstavtalar er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane. Departementet har oppfordra til samarbeid mellom kommunar.

Fem pilotområde blei hausten 2022 etter søknad valt ut til å prøve ut bygdevekstavtalar som nytt distriktpolitisk verkemiddel. Vinteren 2024 blei fem nye pilotområde valt ut til å prøve ut bygdevekstavtalar som nytt distriktpolitisk verkemiddel. Det er i dag totalt ti bygdevekstpilotar spreidd over heile landet.

Avtalene skal i hovudsak gi rammer for relevante samarbeidspartnarar til å utforske behov og handlingsrom for nye løysingar som kan kome fleire distriktskommunar til gode. Gjennom førebuande arbeid med bygdevekstavtala er det identifisert ulike innsatsområde som representerer særlege utfordringar i området. Desse er gjengitt som delmål under kap. 6 i avtalen. Staten ser behov for å støtte opp under arbeidet med bygdevekstavtalene, og skal gjennom eit samarbeid med kommunane og andre partar utforske lokalt tilpassa løysingar til desse utfordringane.

## 2. Hovudpartar i avtala

Hovudpartar i denne avtala er:

- Fyresdal kommune
- Kviteseid kommune
- Nissedal kommune
- Seljord kommune
- Tokke kommune
- Vinje kommune
- Telemark fylkeskommune
- Kommunal- og distriktsdepartementet er koordinerande hovudpart på vegne av staten, og andre departement, og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

*Avtalekommunane* forpliktar seg som hovudpartar i avtala til å prioritere innsats mellom delmåla i samarbeid med fylkeskommunen og staten som hovudpartar for avtalen, og i tillegg utforme handlingsplan med konkrete tiltak i samarbeid med aktørar namngjevne som samarbeidspartnarar under kvart delmål i avtalen.

Avtalekommunane skal fordele midlar frå tilskotsordninga for bygdevekstavtalar og egne ressursar, mellom delmåla i handlingsplanen.

Avtalekommunane forpliktar seg til å vidareføre, følgje opp og bygge opp under etablerte samarbeid seg imellom og vurdere ytterlegare samarbeid, som samarbeid om velferdsproduksjon og andre kommunale oppgåver.

*Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD)* forpliktar seg som hovudpart i avtalen til å bidra med fagleg rådgjeving, evaluering og erfaringsdeling i prosessen, ha dialog om spørsmål som angår KDD og å godkjenne årlege handlingsplanar som følgjer opp delmåla og som samarbeidspartane er einige om, som grunnlag for statleg tilskot. KDD forpliktar seg til å koordinere dialog mellom pilotane og aktuelle departement. KDD forpliktar seg til å samarbeide med aktuelle departement om å legge til rette for dialog mellom pilotane og aktuelle underliggjande etatar.

*Telemark fylkeskommune* skal som hovudpart vurdere oppfølging av bygdevekstavtalen i samanheng med prioriteringar i regional planstrategi og anna distriktsretta innsats i fylket og årlege budsjettprioriteringar. Som ein del av dette skal fylkeskommunen samarbeide med piloten om prioritering av innsats mellom delmåla i avtala. Fylkeskommunen skal vidare støtte avtalekommunane i utforminga og oppfølginga av avtala og handlingsplanen, gje fagleg rettleiing og samarbeide med avtalekommunane om gjennomføring av delmåla i avtala der fylkeskommunen inngår i samarbeidet.

### **3. Andre aktørar med særlege rollar i avtala**

Gjennom arbeidet har det blitt gjeve særskilde oppdrag til andre aktørar for å støtte opp under arbeidet med avtalen.

*Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark* skal legge til rette for dialog mellom statlege etatar og avtalekommunane for dei tema som staten har inngått avtale om. Statsforvaltaren skal ha sjølvstendig dialog med pilotane og fylkeskommunen, om utviklingsarbeidet og handlingsrom undervegs. Dette inneber aktivt å utforske samarbeidsformer og ha tidleg dialog med kommunane i aktuelle prosessar. Som namngjeven samarbeidspart i avtala skal statsforvaltaren støtte avtalekommunane i tråd med anna ansvar og innsats.

*Distriktssenteret* skal støtte KDD, statsforvaltarane, fylkeskommunane og pilotane i arbeidet. Distriktssenteret har ei særleg viktig oppgåve i å legge til rette for eit felles prosjektleiar-nettverk mellom pilotkommunane, og dei skal også legge til rette for erfaringsdeling mellom pulje 1 og pulje 2. I tillegg skal Distriktssenteret på eige initiativ dele kunnskap med pilotane, innanfor sine fagområde, der dei vurderer det er behov. Distriktssenteret skal delta i ei ressursgruppe for begge puljene der fylkeskommunar og statsforvaltarar deltek.

*Husbanken* skal, som samarbeidspart i avtalene, støtte kommunene med kapasitet og kompetanse på bustadtematikk og bidra i handlingsplanarbeidet, med dette understøtte utforsking av samarbeidsformer og verkemiddel innanfor Husbanken sitt mandat.

*Andre samarbeidspartar* og deira rolle og plikter er presisert under kvart delmål og i handlingsplan.

#### 4. Føremålet og omfanget av avtala

Formålet med denne avtalen er å sikre at hovudpartar i avtalen (sjå punkt 2) forpliktar seg til å samarbeide omkring felles delmål og problemstillingar (sjå punkt 6). Avtala skal bygge opp under faste samarbeidsstrukturar, legge til rette for dialog mellom partane og bidra til betre samanhengar mellom politikkområde, forvaltningsnivå og sektorar.

Partane skal gjennom avtalen bidra til å nå piloten sine mål om busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Partane skal fokusere på innsats som kan gjere det meir attraktivt å bu og arbeide i kommunane og slik bidra til auka tilflytting og redusert fråflytting. Partane skal i oppfølging av avtala samarbeide om å utvikle og teste ny distriktpolitikk som kan ha overføringsverdi til andre distriktskommunar og mobilisere til auka utnytting av eksisterande ordningar. Avtala skal også bidra til å teste ut nye samarbeidsformer, på tvers av kommunar og forvaltningsnivå.

Avtala skal gje rammer for samarbeid mellom partane, avklare forventningar og vere føreseieleg om korleis samarbeidet skal skje. Utover dette vil forpliktingane beskrivast nærare i handlingsplan for oppfølging av avtalene, styringsbrev, budsjettbehandling mv.

Denne avtala om samarbeid skal bidra til:

- å klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar
- å sikre kontinuitet og vere føreseieleg for partane
- forståing og respekt for kvarandre sine synspunkt og arbeidsmåtar
- å realisere piloten sine mål om busetjing, framtidretta næringsutvikling og tilgang på kompetent arbeidskraft i avtalekommunane.

Eventuell usemje skal søkast løyst gjennom dialog.

Avtala skal gjelde frå ho er formelt godkjent av alle hovudpartar og fram til 31. desember 2028. Ved avtaleslutt skal det vurderast om og i kva grad partane har levert på sine forpliktingar, slik dei er definert i avtala. Ved vurdering av måloppnåing skal resultat frå arbeidet sjåast i samanheng med annan innsats som treffer avtalekommunane i same periode.

Tilskotsordninga for utprøving av bygdevekstvtaler skal understøtte piloten sitt arbeid i prosessen. Handlingsplanen dannar grunnlag for finansiering av oppfølging av avtala, med atterhald om Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Ytterlegare finansiering skal avklarast gjennom ordinære budsjettprosessar og synleggjerast i årleg oppdatering av handlingsplan for oppfølging av avtala. Samarbeidspartane bør elles bruke oppfølging av avtala til å mobilisere til bruk av eksisterande ordningar.

## 5. Forankring

Piloten har stått fritt til å prioritere innsatsområde i samsvar med lokale moglegheiter og utfordringar.

Avtalen sitt innhald er forankra i politiske vedtak i alle avtalekommunane og i samfunnsdelen til kommuneplanane og i planstrategiar. Avtala er også forankra i Vest-Telemark interkommunalt politisk råd. Innhaldet i avtala skal vidare forankrast i arbeidet med eventuelle nye samfunnsplanar.

*Telemark fylkeskommune* (TFK) gjorde vedtak i fylkestinget 23. oktober 2024 om å stille seg bak arbeidet med bygdevekstavtale for Vest-Telemark, og Telemark fylkeskommune går inn som hovudpart.

Frå staten si side er innhaldet i avtala forankra i regjeringsvedtak og i Meld. St. 27 (2022–2023) *Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida* og andre aktuelle styrings- og avgjerdsdokument. Ved inngåing av avtale, vil avtala bli handsama i regjering.

## 6. Delmål, samarbeidspartar og ansvar

Måla i bygdevekstavtala fordrar koordinert innsats frå fleire sektorar. På nokre område er det primært aktuelt med eit pilot-stat-samarbeid, på andre er det aktuelt å samarbeide med fleire aktørar. Desse er namngjevne som samarbeidspartar under. I slike høve pliktar også desse aktørane seg gjennom avtala, til å samarbeide om å finne moglege løysingar. Partane vert oppmoda til å nytte relevant forskning og rapportar som ein del av arbeidet. For kvart delmål skal partane bli einige om konkrete tiltak i årlege handlingsplanar og bli einige om å invitere andre aktørar inn i arbeidet.

Arbeidet skal konkretiserast i samanheng med anna innsats i avtalekommunane, og samordne innsats i den grad det er formålstenleg. Ved avtaleslutt skal pilotane rapportere på måloppnåing for dei enkelte delmåla. Partane under det enkelte delmål skal bli einige om hensiktsmessige måtar å vurdere måloppnåing som ein del av arbeidet med handlingsplanane.

### 6.1 Delmål 1 Fleire eigna bustader i Vest-Telemark

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar avtalekommunane, Husbanken, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Samarbeidspartane forpliktar seg til å samarbeide om å utvikle ein handlingsplan for berekraftig bustadutvikling i avtalekommunane, og bidra til gjennomføring av handlingsplanen. Partane kan bli samde om å invitere andre aktørar inn i arbeidet, slik som Distriktssenteret, Fortidsminneforeninga/Ljos i gamle hus, lokale bankar, utbyggjarar, entreprenørar og investorar, med fleire.

Partane skal utforske moglegheiter for auka bygging av nye bustadhus i regionen. Dei skal vidare utforske moglegheiter for oppgradering av eksisterande bustadmasse, og ta i bruk verkemiddel som bidreg til fleire eigna bustader i kommunane som bygger opp under gode bustadmiljø og stadkvalitetar. Partane kan samarbeide med private aktørar for å styrke

heilskapleg bustadplanlegging i kommunane. Det å kunne utforme eit berekraftig bu-konsept for distrikta og sjå korleis ein kan nytte ulike verkemiddel på ein god måte for distriktskommunane vil vere ein del av arbeidet.

Partane vil under dette delmålet, med utgangspunkt i Bustadmeldinga (Meld. St. 13 (2023-2024)), undersøkje moglege tiltak beskrive i meldinga. Partane skal òg utforske kva som skaper bu- og bli-lyst og korleis ein kan skape eit meir variert og attraktivt bustadtilbod.

Avtalekommunane vil vurdere å teste ut momskompensasjon på bygging av nye bustadhus i regionen og om dette kan vere med på å redusere den økonomiske risikoen for bustadbygging i distrikta. Forholdet til statsstøtteregulverket må vurderast som ein del av arbeidet.

## **6.2 Delmål 2 Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor**

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar avtalekommunane, Innovasjon Norge, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Samarbeidspartane forpliktar seg til å utvikle ein handlingsplan for å styrke samarbeidet med avtalekommunane som nærings- og samfunnsutviklarar. Gjennom bygdevekstavgifta er målet å auke talet på berekraftige og innovative arbeidsplassar i privat sektor og gjennomføre tiltaka i handlingsplanen.

Partane kan bli einige om å invitere andre aktørar inn i arbeidet, slik som Telemark næringshage, Distriktsenteret, lokalt næringsliv, næringslag, bankar, NHO, LO, KS, Telemarksforsking, verkemiddelapparatet mv.

Partane forpliktar seg til å arbeide for å gjere kommunane betre i stand til å fylle rolla som førstelinje for næringsutvikling og sjå rolla i samanheng med kommunen si rolle som forvaltar, tenesteprodusent og entreprenør. Partane forpliktar seg vidare til å mobilisere til auka utnytting av næringsretta verkemiddel i regionen. Partane vil dra synergjar på eksisterande arbeid slik som Rogalandsmodellen Skape og Innovasjon Norges «Ei dør inn».

Partane skal utforske moglegheitene for å etablere nettverk innan nokre utvalde næringar i Vest-Telemark. Det grønne skiftet vil gi opphav til ei rekkje næringsmoglegheiter. Partane vil utforske kva grønne næringsmoglegheiter som er mest lovande for Vest-Telemark, gitt dei ressursane og føresetnadene regionen har, til dømes god tilgang på fornybar energi og store skogs- og bioressursar. Det inneber også kva moglegheiter industriell symbiose gir. Innsats og tiltak som påverkar arealbruk skal skje innanfor rammene av dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet.

### **6.3 Delmål 3 Meir kompetanse innan helse og oppvekst**

Samarbeidsparter under dette delmålet omfattar avtalekommunane, Universitetet i Sørøst-Noreg, Nav Vest-Telemark, KS, Nissedal studiesenter, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Samarbeidspartane forpliktar seg til å utarbeide ein handlingsplan for å auke tilgangen på relevant arbeidskraft innanfor helse og oppvekst i avtalekommunane og bidra til gjennomføring av handlingsplanen.

Partane kan bli einige om å invitere andre aktørar inn i arbeidet, slik som vidaregåande skular, Sykehuset Telemark HF, samhandlingskoordinator for Vest-Telemark, Forum for utdanning i Vest-Telemark, Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester, Helsedirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning, Kompetansebyggeren, Opplæringskontoret i offentlig sektor, fagorganisasjonar, Senter for omsorgsforskning, Distriktssenteret m.v.

Partane forpliktar seg til å samarbeide om å identifisere, dele og byggje kunnskap om lokale kompetansebehov innan helse- og oppvekstsektoren på kort og lang sikt. Partane skal kartleggje kva som fremjar og hemmar rekruttering til sektoren. Vidare ynskjer piloten å prøve ut ordningar som legg til rette for meir kompetanse innan sektorane i avtalekommunane.

Partane skal identifisere grupper i arbeidskraftreserven som ynskjer å jobbe innan helse og oppvekst, og vurdere tiltak som kan bidra til å rekruttere desse til sektoren. Partane skal gå i dialog om kompetanse- og tenesteutviklingstilskotet og undersøkje korleis dette kan nyttast på best mogleg måte av avtalekommunane.

Partane skal undersøkje korleis dei kan utvikle seniorpolitikken med sikte på å ta vare på dei tilsette innan helse- og oppvekstsektoren, og legge til rette for å behalde kompetanse og kontinuitet i tenestene.

Partane skal kartlegge interessa for utdanning innan helsefag og oppvekstfag, både på fagarbeidarnivå, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning. Vidare skal partane vurdere hensiktsmessige tiltak og modellar som kan bidra til å auke tilgang til og bruk av fleksible og desentraliserte utdanningar på alle nivå i utdanningsløpet i avtalekommunane.

Avtalekommunane skal gå i dialog med USN (Universitetet i Sørøst-Noreg) for å undersøkje moglegheita til å teste ut nye inngangar til fleire praksisplassar innanfor helse og oppvekst, og å utvikle Vest-Telemark til å bli ein god region å ha praksis i. Praksis-koordinator i kommunane skal vurderast som ein del av arbeidet.

Avtalekommunane vil vurdere å opprette ei mentorordning for nyttilsette for å gjere dei trygge i jobbane sine.

Basert på kunnskap frå arbeidet, skal partane utforske handlingsrommet i lover og regelverk, og vurdere forslag til endringar for å redusere eller fjerne hindringar for rekruttering til sektorane.

## **7 Overordna oppfølging av avtalen**

Avtala skal følgjast opp av ein handlingsplan som skal reviderast årleg. Avtalekommunane har ansvar for å utforme handlingsplanen i samarbeid med namngjevne samarbeidspartnarar (jf. rammene for løyvinga, formidla i brev frå KDD i desember 2024). Roller og ansvar vil bli beskrive nærare i handlingsplan for oppfølging av avtala. Sjå elles omtale av forpliktingar under punkt 2. hovudpartar i avtala.

KDD vil årleg invitere hovudpartane til politisk dialog om framdrift og status i avtalene. Her vil det bli lagt til rette for dialog med andre departement om saker til politisk vurdering. Avtalekommunane forpliktar seg til politisk handsaming av status i arbeidet i forkant av dei politiske dialogmøta.

KDD vil saman med partane bli einige om ein felles evalueringsstrategi med rom for tilpassing til kvar avtale. KDD vil i tillegg utarbeide eit felles evalueringsdesign som også er tilpassa den enkelte avtale. Designet skal utarbeidast i lys av konkretiseringar i handlingsplanarbeidet. Partane kan vidare einast om rapporteringar og evaluering etter behov.

## Avtala er signert av

Avtalepart	Dato for politisk vedtak
Fyresdal kommune	
Kviteseid kommune	
Nissedal kommune	
Seljord kommune	
Tokke kommune	
Vinje kommune	
Kommunal- og distriktsdepartementet	
Telemark fylkeskommune	

\_\_\_\_\_

for staten v/Kommunal- og  
distriktsdepartementet

\_\_\_\_\_

for Telemark fylkeskommune

\_\_\_\_\_

for Fyresdal kommune

\_\_\_\_\_

for Kviteseid kommune

\_\_\_\_\_

for Nissedal kommune

\_\_\_\_\_

for Seljord kommune

\_\_\_\_\_

for Tokke kommune

\_\_\_\_\_

for Vinje kommune



DET KONGELIGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statssekretæren

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

23/1633-158

15. januar 2025

## Forslag fra staten til bygdevekstavnale

På vegne av regjeringen har jeg den glede å oversende revidert forslag til bygdevekstavnale mellom staten og kommunene Vinje, Tokke, Seljord, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid og Telemark fylkeskommune. Forslaget er revidert etter politiske og administrative tilbakemeldinger på statens opprinnelige forslag, jf dialogmøte 7. januar.

### Om statens forslag

Statens forslag er basert på politiske tilbakemeldinger i dialogmøte 7. januar 2025, samt tilbakemeldinger fra representanter fra Telemark fylkeskommune og kommunene i Vest-Telemark.

Forslaget fra staten bygger på pilotenes forslag, med en overordnet strategi om å bruke dette virkemiddelet som en samarbeidsavnale mellom viktige parter for å utforske løsninger på utfordringer piloten ønsker å møte.

Forslaget avtalefester samarbeid med sentrale aktører som blant annet Husbanken, fylkeskommunen og Statsforvalter. Det gir også ramme for å gå i videre dialog med andre aktuelle aktører, der det er relevant. Staten foreslår med dette en fireårig avtaleperiode, jf. Prop 1 S (2024-2025). Avtalene skal legge grunnlag for konkret oppfølging av delmål pilotene har prioritert i arbeidet.

### Veien videre

Avtalen skal behandles politisk i alle kommunene og i fylkeskommunen. Vi gjør oppmerksom på at vedlagte forslag til bygdevekstavtaler er å anse som et endelig tilbud fra statens side. Vedlagte tilbud bør derfor i sin helhet vedtas i kommende kommunestyrebehandling. Vi legger opp til at avtalene behandles i regjeringen til slutt.

Parallelt med denne prosessen oppfordrer vi pilotene i samarbeid med de navngitte samarbeidspartene til å arbeide videre med handlingsplan for oppfølging av avtalen. Vi minner om at handlingsplanen skal være omforent med alle samarbeidspartene under det enkelte delmål, og vil fungere som grunnlag for statlig medfinansiering av avtalen jf. Prop. 1 S (2024-2025). Piloten står fritt til å prioritere mellom ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden. Handlingsplanen skal deretter oppdateres årlig og i samsvar med relevante budsjettprosesser. KDD vil godkjenne handlingsplanen etter gitte kriterier, etter at avtalen er inngått (jf rammene for tilleggsbevilgningen, formidlet i brev av 7. januar 2025).

Med hilsen



Ivar Bühring Prestbakmo

Kopi

Distriktssenteret  
Husbanken  
Innovasjon Norge  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

## Adresseliste

Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITeseID
Nissedal kommune	Kommunehuset, Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE

**Sak 03/2025 Høyringsuttale til Postutvalet sin rapport**

**Bakgrunn**

I januar 2024 oppnemnde regjeringa eit uavhengig ekspertutval for å greie ut korleis framtida sine posttenester best kan organiserast med omsyn til ei rekke samfunnsmessige behov.

Utvalet leverte sin rapport 16. desember 2024.

Dei siste tiåra har brevvoluma vore raskt synkende. Staten dekker nettokostnaden til Posten ved leveringsplikta, og utviklinga har ført til at løyvinga til ulønnsame posttenester over statsbudsjettet har vokse raskt.

Utvalet skulle kome med tilråding på kva som bør vera norsk postpolitikk i åra framover, og kor vidt postboda bør få nye oppgåver som supplerer framtidas leveringspliktige distribusjonsteneste.

Som ein del av arbeidet med oppfølging av postutvalet sin rapport, sender Samferdselsdepartementet rapporten på open høyring.

Samferdselsdepartementet ber om at høyringssvar er levert departementet seinast 17. mars 2025.

**Postlova**

Postlova med tilhøyrande forskrift, regulerer den norske postmarknaden, med mål om at brukarar over heile landet skal ha tilgang til posttenester. Dagens postlov inneheld også avgjerder knytt til Noregs europeiske og internasjonale forpliktingar, m.a. er EUs postdirektiv gjennomført i postlova.

**Postutvalet sine tilrådingar**

Utvalet sine tilrådingar er basert på utviklinga i postmarknaden og dei utfordringar myndigheitene, aktørar i postmarknaden og ulike brukargrupper har presentert.

Utvalet meiner at berekraftige posttenester for framtida bør vera tilpassa samfunnets utvikling og endra behov, samstundes som innretninga syter for best mogleg utnytting av samfunnets ressursar nå og i framtida. Ei framtidig løysing skal sikre at

alle innbyggjarar, uavhengig av geografi, funksjonsevne og digital kompetanse, framleis mottar likeverdige posttenester. Utvalet har derfor lagt til grunn tre prinsipp for tilrådingane:

1. Å sende og motta post er ein rettighet.
2. Noreg skal ha eit nasjonalt postnett som tek omsyn til beredskapen.
3. Posttenestene skal vera tilpassa samfunnets utvikling og framtidige behov.

For å løyse utfordringa med dagens posttenester har utvalet sett på ulike deler av tenesta. Vurderingane inkluderer kva som skal vera leveringspliktig, kor folk kan sende og motta post, og kor lang tid det skal ta for brev og pakker å komme frem. Sektoren er i stadig utvikling, og utvalet har vurdert ulike moglegheiter å utnytte samfunnets ressursar betre i ein marknad der talet på brev er sterkt fallande, og talet på pakker er sterkt aukande.

Sjå: [Postutvalet sin rapport](#)

Sentralt i utvalet sitt forslag er omgrepet **postpunkt**. Rapporten frå Postutvalet føreslår at brev skal leverast til bemanna postpunkt som t.d. post i butikk.

Utvalet tilrår også at postboda får nye oppgåver, og at prøveprosjektet "På dørterskelen" (postbod ringer på døra til alle over 75 år) kan bli ei varig ordning på kommersielt grunnlag. Aviser vil kunne bli levert til postkassene minst tre gonger i veka, der dagens ordning med konkurranseutsetting av avisdistribusjon i område utan kommersielle avisbodnett, kan bli vidareført.

### **Framlegg til uttale til Postutvalets rapport 2024**

Posttenester er ein viktig del av infrastrukturen i heile landet, men spesielt i distrikta då byane og tettbygde strøk har tilbod om alternative distribusjonskanalar.

Rapporten foreslår modernisering av posttenestene gjennom auka bruk av teknologi og sentralisering av distribusjonen. Dette kan medføre reduserte kostnader og meir effektiv ressursbruk. Forslaget vil innebere at posten slik vi kjenner den, vil forsvinne, med dei negative konsekvensar det vil ha:

- Sentralisering av posttenestene kan føre til lengre leveringstider og dårlegare tilgjenge i utkantområde. Dette kan svekke tilbodet til innbyggjarar og næringsliv i

distriktskommunar. Undersøkingar viser at personar i distrikta sender og mottek mest brev, medan folk i urbane strøk sender og mottek mest pakkar. Eldre sender og mottek fleire brev, medan yngre sender og mottek fleire pakker.

- Vil ramme sårbare grupper. Med sårbare grupper meiner ein personar som av ein eller fleire årsaker har vanskar med å hente post på eit hentepunkt. Ulike interesseorganisasjonar påpeiker at desse personane, grunna mobilitet, vil i praksis få eit dårlegare tilbod enn resten av innbyggjarane utan postkasselevering. Manglande universell utforming ved hentepunkta vil og kunne vera ei utfordring for desse personane.
- Digitalisering og nedbygging av bemanna innbyggjarretta tenester har skapt barrierar for dei som av ulike årsaker ikkje kan eller vil bruke digitale tenester. Det er viktig at det vert tatt omsyn til at ein ikkje byggjer opp under digitalt utanforskap. Ein rapport frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse frå 2021 anslo så mange som 600 000 nordmenn er ikkje-digitale eller digitalt sårbare.
- I verste fall kan bortfall av postombering medføre at minimum 2000 årsverk fell bort, og at opptil 3000 postbod vil miste jobben.
- Nedlegging av lokale postkontor vil redusere arbeidsplassar og tenester i lokalsamfunnet.
- Rapporten legg lite vekt på korleis posttenestene skal handtere kriser som t.d. straumbrot eller datainnbrot, som kan hindre tilgang til digitale løysingar.

Posttenester er ein viktig del av den grunnleggjande infrastrukturen i samfunnet, spesielt i distriktskommunar som Vest-Telemark der dei geografiske avstandane er store. Ei velfungerande postordning sikrar kommunikasjon, tilgjenge til tenester og bidreg til samfunnsbygging.

***Framlegg til vedtak:***

***Alternativ 1) Vest-Telemarkrådet ynskjer ingen endring i postlova og ber om at dagens postombering vert vidareført.***

***Alternativ 2) Den einskilde kommune skriv si eiga høyringsuttale.***

## Sak 04/2025 Rullering av klimaplanen sin handlingsplan

### Bakgrunn

- Arbeidet med felles klimaplan starta i Vest-Telemarkrådet hausten 2019.
- Klimaplanen er ein plan etter plan- og bygningslova og har difor vore ute på høyring og offentleg ettersyn. Vest-Telemarkrådet har hatt rolla som sekretariat.
- Det vart utarbeidd planprogram som vart lagt på høyring før handsaming i kommunestyra hausten 2020.
- Frå 2021 arbeidde rådet tett i samarbeid med kommunane om sjølve klimaplanen som vart lagt ut på høyring vinteren 2022.
- Klimaplanen vart vedteken i alle seks kommunane hausten 2022 og våren 2023.

I sak **29/2019** den 15. oktober i Vest-Telemarkrådet står det m.a.:

*Formålet med ein felles klimaplan vil vera å styrke denne som eit strategisk styringsdokument for kommunane. Klimaplanen er sektorovergripande og skal danne eit grunnlag for kommunens klimapolitikk og vera ein plan i medhald av plan- og bygningslova, og følgje prosesskrava i denne. Klimaplanen sin handlingsdel må rullerast minst kvart fjerde år. Planen vil danne grunnlaget for ein samordna og heilskapleg innsats for å nå dei felles mål kommunane blir einige om for å imøtekoma klimautfordringane og sikre eit berekraftig Vest-Telemark. Nykelord for å få til ein plan alle kan slutte seg til, er involvering og forankring.*

I sak **34/2021** var saka om felles klimaplan og 1. høyringsutkast oppe i Vest-Telemarkrådet. Der står det m.a.:

*Klimaplanen er ein plan etter plan- og bygningslova (PBL), derfor vart planprogram vedteke i kvar kommune. Planprogrammet fastsette m.a. framdrift, medverknad og høyring.*

*Sidan planen er etter PBL må den rullerast minimum kvart 4. år. Det er fyrst og fremst planen sitt handlingsprogram som er viktig å rullere og det vert **tilrådd at tiltaka vert rullert kvart år i kvar kommune** (adm. si utheving).*

I saka om klimaplanen for Vest-Telemark som vart sendt til alle dei seks kommunane **våren 2022**, er det eit avsnitt om *Vest-Telemarkrådet si vidare rolle i klimaplanarbeidet*. Der står det m.a. dette:

*Det vert difor foreslått å nedsette eit forum/utval bestående av ein representant frå kvar kommune og der Vest-Telemarkrådet er sekretariat. Mandatet til eit slikt klimaforum vil vera å prioritere, initiere og gjennomføre/koordinere tiltak i handlingsdelen. Klimaforumet vil invitere inn fagpersonar frå kommunane og ekstern bistand utifrå behov og satsingsområde.*

*Vest-Telemarkrådet vil vera ansvarleg for å organisere møta i forumet og trygge framdrift i koordinering og iverksetting av tiltak.*

Alle kommunane bortsett frå Fyresdal kommune slutta seg til felles klimaplanen **hausten 2022/våren 2023**.

Fyresdal kommune handsama sine eigen klimaplan som var bygd på felles klimaplan for Vest-Telemark.

Fyresdal kommunestyre:

Vedtak i Kommunestyret - **22.06.2023**

*1.I medhald av plan – og bygningsloven § 11-15 vedtek Fyresdal kommune klimaplanen slik den ligg føre.*

*2.Fyresdal kommune sluttar seg til Vest-Telemarksamarbeidet med Vest-Telemarkrådet som sekretariat der dette er formålstenleg for gjennomføring av tiltaka i klimaplanen.*

*3.Fyresdal kommune skal ha ein representant i klimaforumet/utvalet for Vest-Telemark, for tida representert ved landbruksrådgjevar.*

Kviteseid kommunestyre:

Vedtak i Kommunestyret **20.06.2022**

*a.I medhald av plan- og bygningsloven § 11 -15 tilrår formannskapet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*

*b.Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen*

*c.Tarjei Gjelstad vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet*

Nissedal kommunestyre **16.06.2022:**

Vedtak

*Nissedal kommunestyre vedtek klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*

*Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen*

*Marianne Vrålstad vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet*

Seljord kommunestyre:

Vedtak i Kommunestyre - **15.09.2022**

- a. I medhald av plan- og bygningsloven § 11.9 vedtek kommunestyret klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
- b. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.*
- c. Peter Fjågesund (MDG) vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.*
- d. Seljord kommune skal i relevante framtidige saker, gjere vedtak og legge seg på ein administrativ praksis som i størst mogleg grad ivaretek omsynet til klima og miljø.*

Tokke kommunestyre **29.09.2022:**

Vedtak

- 1. I medhald av plan- og bygningsloven § 11-15 tilrår formannskapet/kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
- 2. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen*
- 3. Per Wraa vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet*

Vinje kommunestyre **15.09.2022:**

Vedtak

- a. I medhald av plan- og bygningsloven tilrår plan og miljøutvalet kommunestyret å vedta klimaplan for Vest-Telemark slik den ligg føre.*
- b. Vest-Telemarkrådet er sekretariat for eit interkommunalt klimaforum/utval med ansvar for koordinering av tiltaka i handlingsplanen.*
- c. Plan- og miljørådgjevar Anne-Sofie Bergene Strømme vert vald til kommunen sin representant i klimaforumet/utvalet.*
- d. Skogvern må ikkje føre til at det blir ulovleg å bygge i skog.*
- e. Vinje kommunestyre ber om at FNS bærekraftsmål 15 blir vurdert tatt inn i planen ved neste rullering, med spesielt omsyn til bærekraftsmål 15.1 og 15.4.*

I sak **06/2023** *Klimaarbeid – iverksetting av tiltak i klimaplan* gjorde Vest-Telemarkrådet dette vedtaket: *Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet er ansvarlege for å iverksette tiltak i klimaplanen som alle seks kommunane kan bli omforeinte om.*

## **Mindre rullering for å revidere handlingsdelen i klimaplanen**

Det er fyrst og fremst handlingsdelen som er vedteke å revidere kvart år i kvar kommune. Det blir ikkje lagt opp til full planprosess, men ei mindre rullering for å revidere tiltaka i handlingsdelen. I denne omgang blir det ikkje lagt opp til revidering av satsingsområda og målsetting.

Vi har totalt 59 tiltak i handlingsdelen fordelt på sju satsingsområde. Dette er mange, men fleire av tiltaka utfører kommunane i den daglege drifta si. Då planen vart skriven, var det viktig å ha ein del «lågthengande» tiltak for å motivere for arbeidet med handlingsdelen. Dersom ein skal prioritere og redusere tal tiltak i handlingsplanen, kan det vere aktuelt å utarbeide eit vedlegg over aktuelle tiltak som ikkje vert prioritert i denne perioden. Dette kan vere døme på tiltak som kommunane kan ta tak i dersom dei ynskjer det; ei slags inspirasjonsliste.

Rulleringsprosessen har vore diskutert i AU. Det er svært viktig at kommunedirektørutvalet i Vest-Telemark held i framdrifta på klimaplanen. Det blir difor lagt opp til jamleg orientering i KDU Vest-Telemark.

Mange av medlemmene i klimaforumet kjenner på at dei er «åleine» om oppgåvene som er store. Oppgåvene må avklarast, minnast på og forankrast hjå kommunedirektørane. Fleire i kommuneorganisasjonane må kjenne til klimaplanen og tiltaka i handlingsdelen. Vi har difor fått utført ei kartlegging i alle dei seks kommunane om kor mykje dei tilsette kjenner til planen, om dei brukar planen i arbeidet sitt mm (jf. masterstudent Sophie Yatman sin statusrapport). Dette er eit godt utgangspunkt for å finne ut korleis ein bør arbeide vidare med tiltak og haldningsskapande arbeid ute i kommunane.

## **Prosess, tidsplan og vurdering av tiltak**

- Status handlingsplan i rådet 4. februar 2025
- Prosess – mindre rullering for å revidere tiltak i handlingsdelen
- Målet med rulleringa er å revidere tiltaka, slå saman, presisere og prioritere tiltak. Vi skal ikkje rullere satsingsområda og måla i denne mindre rulleringa.
- Handlingsdelen bør på intern høyring i kvar kommuneadministrasjon der ein ber om innspel til administrativt forslag før planen går på minst 3 veker offentleg høyring og deretter til politisk sak i kvar kommune
- Vest-Telemarkrådet koordinerer dette arbeidet i tett samarbeid med klimaforum
- Kan vere aktuelt å ha lysing i VTB, involvere statsforvaltar og fylkeskommune og i tillegg dele saka på kommunane sine heimesider.
- Kan Vest-Telemarkrådet vere mottakar i høyringsperioden, og klimaforumet gå gjennom innspela som kjem? Kva med innspel frå organisasjonane i regionen

(Naturvernforbundet, bonde- og småbrukarlag, bondelag, NHO, renovasjonsselskap m.fl.)?

- Slik handlingsplanen er i dag, er det lagt opp til at kvar kommune kan velje nokre tiltak som skal prioriterast i den enkelte kommune.
- Det er krevjande, men ein fordel å sette målbare mål for nokre tiltak.
- Det er viktig å lage eit kapittel om kva som er gjennomført i forrige periode for å vise at det er ein levande plan og syne for dei andre kommunane kva som er gjort i den enkelte kommune som inspirasjon.

***Framlegg til vedtak: 1) Vest-Telemarkrådet vedtek å starte opp arbeidet med å revidere handlingsdelen i klimaplanen for Vest-Telemark i medhald av plan- og bygningslova § 11-12.***

***2) Vest-Telemarkrådet og klimaforumet vil omarbeide handlingsdelen før han vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn.***

***3) Høyringsperioden blir koordinert av Vest-Telemarkrådet, og innkomne høyringsinnspel vil bli samanfatta og vurdert av klimaforumet.***

***4) Revidert handlingsplan vil etter høyring, kome opp som sak i Vest-Telemarkrådet og deretter i kvar av kommunane.***

## Sak 05/202      **Handlingsplan for likestilling og mangfald/ Gender Equality Plan (GEP) for Vest-Telemarkrådet**

### Bakgrunn

I Noreg er alle offentlege verksemdar ved lov påbode å jobbe aktivt for likestilling og mangfald som arbeidsgjevar. Verksemda skal årleg gjere greie for sin innsats for likestilling og mangfald. I tillegg stiller EU og Forskningsrådet krav om at alle som vert tildelt forskingsmidlar må ha handlingsplan for likestilling. Dette kravet kom opp i samband med tildeling av 13 mill kr frå Forskningsrådet til innovasjonsprosjektet Vest-Telemarkrådet samarbeider med Hallinghelse og USN om.

Lovverket er tilpassa større organisasjonar som til dømes universitet, høgskular, forskingsinstitusjonar, ikkje små organisasjonar som interkommunale politiske råd som Vest-Telemarkrådet. Difor har vi utarbeidd ein enkel handlingsplan med utgangspunkt i dagens personalressursar og kompetanse. Uansett er det aller meste heimla i Arbeidsmiljølova.

I samarbeidsavtala for Vest-Telemark interkommunalt politisk råd (IPR) under punkt 4.1 står det at det er Vest-Telemarktinget sitt ansvar å godkjenne reglement. Difor bør handlingsplanen bli lagt fram for Vest-Telemarktinget for endeleg vedtak 29. april 2025.

### Obligatoriske krav:

Organisasjonens handlingsplan for likestilling må oppfylle desse fire krava:

1. Handlingsplanen skal vera offentleg tilgjengeleg.
2. Handlingsplanen skal vise til øyremerkte ressursar for arbeidet med likestilling.
3. Handlingsplanen skal inkludere kjønnsdelte data for alle stillingskategoriar og korleis arbeidet skal følges opp og kontrollert.
4. Handlingsplanen skal vise korleis arbeidet blir støtta med opplæring og kompetansebygging.

### Handlingsplan for likestilling og mangfald i Vest-Telemarkrådet

Vest-Telemarkrådet erkjenner verdien av kjønnsbalanse og mangfald som ein grunnleggande del av organisasjonen si utvikling, kreativitet og effektivitet. Denne planen har som mål å fremje likestilling og sikre like moglegheiter for alle tilsette uavhengig av kjønn.

### Kjønnsdelte data:

Rolle	Kjønn	Stillingsstorleik
Leiar	Kvinne	100 %
Digitaliseringsleiar	Mann	100%
Utviklingsleiar	Kvinne	100%

**Hovudmål: Vest-Telemarkrådet skal sikre eit trygt og inkluderande arbeidsmiljø fritt for trakassering og diskriminering.**

### **Rekruttering og utvikling**

- Ta omsyn til kjønnsbalanse og mangfald i eigen organisasjon og i arbeids- og styringsgrupper i ulike prosjekt.

*Ansvar: Administrasjonen*

### **Likestilte arbeidsvilkår**

- Lik løn for likt arbeid under føresetnad av like lang utdanning, erfaring og liknande.

*Ansvar: Lønsnemnda (som er arbeidsutvalet)*

*Tidsfrist: Innan 1. desember kvart år*

### **Bevisstgjerung og kompetanseutvikling**

- Bevisstgjerung og kompetanseutvikling når det gjeld kjønnsbalanse, mangfald og inkluderande arbeidskultur.
- Fremje bevisstheit rundt ubeviste fordommar.
- Etablere klare rutinar for handtering av eventuelle tilfelle av kjønnsbasert diskriminering.

*Ansvar: Dagleg leiar*

Inndekning av tiltak vert gjort over budsjettet sitt ansvar 1100 Administrasjonen.

### **Oppfølging og evaluering**

Planen skal evaluerast årleg for å sikre at måla vert oppnådd og for å identifisere nye tiltak som kan styrke likestillingsarbeidet. Evalueringa skal utførast av ein likestillingskomité som for Vest-Telemarkrådet er AU (arbeidsutvalet).

### **Forankring**

Handlingsplan for likestilling og mangfald er forankra i lovverket og Vest-Telemarkrådet sine verdigrunnlag. Den skal vere eit levande dokument som justerast i tråd med organisasjonen sine behov og den generelle samfunnsutviklinga.

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne Handlingsplan for likestilling og mangfald.***

**Sak 06/2025            Framlegg til sakliste for Vest-Telemarktinget 29. – 30. april 2025**

Formannskapa i Vest-Telemarkrådet utgjer Vest-Telemarktinget etter samarbeidsavtale for IPRet (interkommunalt politisk råd). Tingmøtet med sine 38 representantar, pluss 6 kommunedirektørar, administrasjonen i rådet og representantar frå fylkeskommune, statsforvaltar og andre, kan bli rundt 50 deltakarar. I den vedtekne kalenderen for 2025 er det sett opp ei 2-dagars lunsj- til lunsjsamling 29. – 30. april.

Samlinga vil finne stad på Dalen med møte i kommunestyresalen og overnatting på Dalen Hotel.

Arbeidsutvalet har fått i oppdrag å utarbeide eit forslag på tema/opplegg for samlinga.

**Tysdag 29. april**

Kl. 12.00:    Lunsj på Dalen Hotel

Kl. 13.00:    Møtestart kommunestyresalen

01/2025      Opprop

02/2025      Godkjenning av innkalling og sakliste

03/2025      Godkjenning av rekneskap og årsmelding 2024 for Vest-Telemark  
interkommunalt politisk råd

04/2025      Val av revisor

05/2025      Innspel til tema i rådsmøte med telemarksbenken 20. mai 2025

06/2025      Evaluering av Vest-Telemarkkonferansen

07/2025      Handlingsplan for likestilling og mangfald

08/2025      Bygdevekstavtale - handlingsplan

Arbeide med Bygdevekstavtalas handlingsplan:

- Delmål 1 Fleire eigna bustader i Vest-Telemark
- Delmål 2 Korleis få fleire arbeidsplassar i privat sektor
- Delmål 3 Meir kompetanse innan helse og oppvekst

Tinget vil bli inndela i grupper og alle skal jobbe med dei tre delmåla. Det vil bli leigd inn prosessretteiarar for kvart tema.

Kl. 17.30      Slutt for dagen

Kl. 18.30      Kulturelt innslag

Kl. 19.00      Middag på Dalen Hotel

## **Onsdag 30. april 2025**

- Kl. 08.00 Frukost
- Kl. 09.00 Vest-Telemark Kraftlag. Presentasjon av konsern og utvikling/strategi ved administrerende direktør (ikkje avklara).
- Kl. 10.00 Telefiber. Presentasjon av bedrift og utvikling/strategi ved dagleg leiar (ikkje avklara)
- Kl. 11.00 Presentasjon av innovasjonsprosjektet innan helse: ***Tillit og kompetanse for berekraftig digitalisering av helse- og omsorgstenester i små kommunar.***  
Eit samarbeidsprosjekt mellom Hallinghelse, USN og Vest-Telemarkrådet. Iselin Haugo Stavn, dagleg leiar i Hallinghelse, og Linn Hege Olstad, koordinator for E-helse i Hallingdal (Hallinghelse) vil presentere prosjektet på teams.
- Det er ynskjeleg med ei politisk forankring av prosjektet, som har fått 13 mill kr i forskingsmidlar frå NFR (Norsk forskningsråd), for å auke tillit og digital helsekompetanse blant leiarar og medarbeidarar i helse- og omsorgstenestene, samt å utvikle betre modellar for implementering og skalering av digitale løysingar.
- Iselin Haugo Stavn og Linn Hege Olstad (avtale er gjort) gir same informasjon til Hallingtinget 22. april 2025.
  - Ål kommune er vertskommune for prosjektet.
  - Det skal lysast ut etter ein PHD-kandidat.
  - Beate Våge Lia, kommunedirektør i Seljord, er leiar av styringsgruppa. Ho sit og i tilsettingsnemnda.
  - Han Inge Hagen, digitaliseringsleiar, er prosjektnestleiar.
- Kl. 12.00: Lunsj på kommunehuset på Dalen
- Kl. 13.00: Avreise

***Framlegg til vedtak: Arbeidsutvalet innarbeider innspel frå rådet i det framlagte forslaget og legg saka fram på nytt i Vest-Telemarkrådet 18. mars 2025.***

## **Sak 07/2025      Rekruttering av fosterheimsfamiliar i Vest-Telemark**

I rådssak 42/2024 Eventuelt av 15. oktober 2024 fremma Beate Våge Lia spørsmål om det var interesse for å bidra i ein film der barnevernet skal rekruttere fosterheimar.

Ordførarane var positive til oppmodinga frå leiaren i barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark om å marknadsføre gjeldande rekrutteringsarbeid.

Solveig Sundbø Abrahamsen fekk i oppdrag å svare ut på vegne av ordførarane.

Fotograf kjem i møtet kl. 13.00 for å lage videosnuttar av den enkelte ordførar. Alle vil få tilsendt eit kort manus i forkant.

Kontaktperson i barneverntenesta i Notodden kommune er fosterheimsrådgevar Nina Søråsdekkkan.

***Framlegg til vedtak: Ordførarane blir med på videosnutt for å marknadsføre rekruttering av fosterheimar***

## **Sak 08/2025 Skjønnsmiddelsøknad 2025**

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark inviterer kommunane i Vestfold og Telemark til å søke om tilskot til fornyings- og innovasjonsprosjekt i 2025. Det er sett av 7 mill. kroner av skjønnsmidlane til dette føremålet.

Heile ramma til prosjektskjønnsmidlar vil bli tildelt etter ein felles søknadsrunde for alle kommunane.

Statsforvaltaren oppmodar kommunane om å gå saman om å søke prosjektskjønnsmidlar, og dette kan bli gjort med regionråda som overbygning.

Søknadsfristen er sett til 28. februar 2025.

Vest-Telemarkrådet har gjennom mange år søkt om tilskot til fleire ulike prosjekt kvart år.

Tilsegn til prosjekt har blitt sterkt redusert kvart år i løpet av dei siste 5-6 åra.

For 2024 fekk Vest-Telemarkrådet 300 000 kr til Digital heimeoppfølging (DHO) og 300 000 kr til det 3-årige Småbruks- og berekraftsprosjektet.

Fortida er det mange prosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet eller prosjekt der Vest-Telemarkrådet er medspelar/samarbeidspart. Administrasjonen foreslår at for 2025 vert det kun søkt om skjønnsmidlar til eitt prioritert prosjekt; nemleg det 3-årige Småbruks- og berekraftsprosjektet.

Statsforvaltaren er kjent med saka og støttar forslaget.

***Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet søker 1 mill kr i skjønnsmidlar til det 3-årige Småbruks- og berekraftsprosjektet.***

## **Sak 09/2025 Orientering frå rådsmøta til kommunestyra**

Kviteseid kommunestyre har i møtet av 5. desember 2024 bedt ordføraren om å orientere frå rådsmøta.

Det blir vist til Kviteseid kommunestyre si handsaming av sak 70/2024:

*Ordførar Tarjei Draugedal orientera om arbeidet og møter i Vest-Telemarkrådet. Det har vore bl.a. møte med Telemark sin stortingsbenk, bygdeveksttale, Vest-Telemark konferansen, Vest-Telemark tinget, god agronomi i det grønne skifte, Trygg trafikk.*

***Vedtak i kommunestyret 05.12.2024: Orienteringane vart tatt til vitande.***

For å gjera arbeidet i Vest-Telemarkrådet betre kjent er det veldig bra om alle ordførarane i Vest-Telemark orienterar sine kommunestyre.

Administrasjonen kan utarbeide eit kort notat frå kvart rådsmøte som ordførarane kan nytte som manuskript når rådsmøta vert referert.

***Framlegg til vedtak: Ordførarane gir ei orientering frå rådsmøta i sine respektive kommunestyre.***